Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Fylke: Østfold

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Glemmen.

Emne: Transport av høy. Bygdelag:

Oppskr. av: Svein Kolltveit Gard:

(adresse): Solheimsvn 25, Fredrikstad G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Både og!

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Transport av høy gjeng fyre seg på same måten både på store og små gardar.
Det er sjeldan ein slær i utmarki no, og det hev ikkje vore vanleg di siste 50 åri. Husmannsbruk finst ikkje no, og det hev heller ikkje vore noko serleg mange nokon gong her.
Alle som hev so mykje jord at dei kann driva gardsbruk, hev hest. I den tidi dei ikkje hev bruk for han på garden, driv dei leigekøyring

2. Til løa eller stakken køyrer dei høyet i vanleg langvogn som er på dette grendar eller dei hev eigi høyvogn på dei store gardane. Både høy- og langvogn hev fire hjul.
Til hesja nyttar sume sleperive, men som oftast greider høggaffelen seg der.
Høypesleng finst ikkje her i det flate lendet.

3. Det høyet som er i stakk, vert køyrt heim på vinterføre.

192

2

4. I högonna brukar dei firehjula langvogn med grindar eller eigi högvogn, også med fire hjul. Namnet er i alle höve då högvogn. Skåkene er feste til tverraksen på framhjulene ved krokar eller krampar som i mange höve er til å hekte av. Tverraksen er fest til högvogni elles ved ein bolt, so ein kann svinga heile forstillingi lett. Högvogne er 2 - 2.50 og upp til 3 m lang men sjeldan meir enn 0,8 - 1 m brei i botnen.
Höget vert kasta upp i med gaffel eller med berre hendene, og högmengdene kann variere frå vel so 1 skippund og upp til 3 skp. So vidt eg har kunna fenge greide på var eller er dit ingen reglar for siste lasset, og noko serleg högrake har ein ikkje vore med å skrapa upp etter seg då enn elles.
Lasset vert fest med högtong eller tau eller stang. Högtongi er ei stong so lang som sleden (vogni) umlag. bak er ho fest til vogngrindi med ein kjetting og framme som oftast med ein taustubb. Tauet som dei bind lasset med har ikkje noko serleg namn.
Her vert dit brukt ein eller to hestar alt etter storleiken på garden.
5. Fellesslåtte har dit ikkje vore her.
6. Det gjekk nok fyre seg med vanleg lang- eller högvogn. Det fell lite snö her so det er lite dei treng brøyting, men dei brukar vanleg snöplog.
Til slutt: Glemmen er ei liti bygd, 25 km² umlag.

192
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY